



CD

### Ensemble 96

«Kind»

Med Ensemble 96, Kjetil Almenning (dirigent) og Nidaros strykekvartett

2L

2010

## Barnet i relieff

**Det barnlege står i fokus** på Ensemble 96 si nye utgjeving, der norske båndullar er kopla med nordisk, ny musikk, med utgangspunkt i unge menneske. Med «Kind» som overordna tittel legg ensemblet opp til fleire assosiasjonar. Forutan «barn», som er betydinga på tysk (og færøysk), finst betydingane «kinn» på dansk og «venleg» på engelsk.

**Den tematiske tråden** moglegger plasseringa av gamalt og nytt om kvarandre. Innspeilinga byd soleis ikkje på nokon kronologisk gjennomgang: Tradisjonen og det moderne vert sidestilt, noko som framhevar særtrekk ved satsane, og inspirerer til å lytta på tvers av konvensjonane.

**Mest omfattande er** «The Stolen Child» av Marcus Paus. Verket for kor og strykekvartett er tinga av ensemblet, som saman med Nidaros Strykekvartett presenterer den romantiske hyllesta til det skjøre og uskuldeige så ein vert overtydd om at komponisten er i sitt ess når han skriv for kor. Romantisk er òg Jaakko Mäntyjärvi sitt «Die Stimme des Kindes», ei forteljing i kontrapunktiske linjer, i Mahler-nært landskap. Medan Per Nørgaard sitt «Wie ein Kind» gjev leikne, nær surrealistiske assosiasjonar, somme gonger tett knytt til folketradisjonen, sjølv sagt understreka for høvet.

Programtanken er briljant. Like imponerande er framføringa frå Ensemble 96, med utgjevinga minnar dei oss om det solide potensialet som finst i vokalmiljøet – som burde motivert til ei større politisk satsing på feltet enn me har sett til no.

**Songarane femnar repertoaret** balansert, med varme i voggeson-gane, med ein omfattande palett av klangfargar og med overskot i mange lange fraser. Det heile støtt leia av dirigent Kjetil Almenning, som med dette gjev dirigentpinna vidare til Anine Kruse Skatrud. Eit kvalitetsstempel står att etter han; plata kan plasserast mellom høgdepunkta frå fjoråret.

**IDA  
HABBESTAD**

